

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 31.05.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Guro Ringen Rana
SAKA GJELD: **Kjøp kirurgi hos private leverandører**

ARKIVSAK: 2023/482
STYRESAK: 056/23

STYREMØTE: 14.06. 2023

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Helse Vest har gjennom ei årrekke kjøpt kirurgiske tenester innan plastisk kirurgi, urologi, øyre nase hals og ortopedi av private leverandører. Frå 2023 har Helse Vest ikkje hatt avtale med private leverandører for kjøp av kirurgiske tenester, med unnatak av ein avgrensa urologi avtale i Helse Stavanger området.

Grunngjevinga for dette var:

- Usikkerheit rundt nytte for pasientane av ein del av prosedyrane og om indikasjon blei vurdert godt nok hos private.
- Ønske om å prioritere dei offentlege helseføretaka
- Økonomi
- Helseføretaka hadde behov for å gjere større volum av desse prosedyrane for å lære opp eige helsepersonell
- Avtalane med private hadde ofte liten avlastande effekt for helseføretaka då denne hjelpa var avgrensa mot dei friskaste pasientane


Evaluering etter 5 måneder

- Pasientar som venta på behandling hos dei private leverandørane har vorte overført til helseføretaka i Helse Vest. Dette har i stor grad gått greitt, men kirurgiske avdelingar i nokre av helseføretaka signaliserte at dette gav utfordringar på grunn av begrensa kapasitet. Helse Vest RHF lagd til rette for overføring av pasientar frå Helse Stavanger til Odda sjukehus.
- Helseføretaka har for dei fleste typar operasjonar auka kapasiteten noko i første tertial sammenlikna med tidlegare år (sjå figur 1 under).
- Ventetidene og tal fristbrot har generelt ikkje auka (sjå tabell 1 under). Unntak er for plastikk kirurgi, men der er status i Helse Vest den same som nasjonalt. Det er også grunn til å påpeike at dei fleste pasientar som ventar på plastikk-kirurgi i Helse-Vest tilhøyrer fot- og håndkirurgi seksjon (og ikkje hudoperasjonar).
- Vi er kjent med at nokre pasientar som har fått avslag i det offentlege har valt å få utført operasjon hos privat leverandør, men i begrensa volum.
- Det er viktig at helseføretaka har godt fokus på at vurdering av pasienter for kirurgi må følge nasjonale retningslinjer og Helse Vest følgjer opp dette.

Ein gjennomgang i perioden 2 tertial, 3 tertial 2022 og 1 tertial 2023 visar lita endring i den totale bilete. Det er nedgang i fristbrot i alle føretaka, dette også innanfor plastikk kirurgi som har lange ventetider og ventelister.

Haraldsplass har endra si seksjons-organisering, det er difor ikkje mogleg å henta ut deira tall. Fagdirektør på Haraldsplass har informert om fortsatt kapasitet. Dei har overteke om lag 150 pasientar frå Privatsjukehuset Fana Medisinske etter opphøyr av avtale desember 2022.

Figur 1: Tal for utvalgte operasjonar hos offentlige sjukehus i Helse Vest for åra 2019-2023.



Tabell 1: Ventetider, fristbrot og tal behandla pasientar for dei tre siste tertial for ulike fagområder i ulike helseføretak. For dei aller fleste er det ein nedadgåande trend.

		Ventetider Behandling			Fristbrot ventande			Tal behandla pasientar
		2022 Tertial 2	2022 Tertial 3	2023 Tertial 1	2022 Tertial 2	2022 Tertial 3	2023 Tertial 1	2023 Tertial 1
Plastikk	Bergen	80	111	125	514	516	440	839
	Stavanger	99	99	96	32	8	10	775
Urologi	Bergen	41	34	43	10	1	7	901
	Stavanger	56	51	44	59	14	16	810
	Fonna	80	68	70	17	30	33	457
	Førde	53	96	84	143	153	101	306
	DSH	43	45	31	8	2	4	432
ØNH	Bergen	76	84	72	109	105	78	2541
	Stavanger	70	83	77	1	2	4	2388
	Fonna	72	75	67	45	29	8	1368
	Førde	103	102	97	3	0	0	900

Konklusjon:

Kartlegginga viser at helseføretaka har klart å auke aktiviteten noko og at fristbrot og ventetider ikkje har auka i siste tertial i helseføretaka for aktuelle fagfelt. Administrasjonen i Helse Vest vil fortsette å følgje med på utviklinga, men førebels er det ikkje planar om å inngå avtalar.